

Uskedal Utvikling

Møtereferat



Dato: 06.11.2013 kl. 19.00
Stad: Gamleskulen
Deltakarar: 12
Referent: Hans Ordin Østebø

Ope medlemsmøte

Kristian Bringedal var møteleiar

Generell info Uskedal Utvikling (UU):

Personell til arealplangruppa er fastsett.

Karin Thauland er leiar, vil kalla inn til første møte i byrjinga av desember.

Agenda: Anleggsutvikling og spelemidlar

Føredragshaldar: Linda Øen, Kvinnherad kommune. Arbeidar bland anna med spelemiddelordninga.

I Uskedalen er det særskilt to anlegg som det kan søkjast midlar til, dette er Heio og grusbana ved skulen. Det kan også søkjast midlar til rehabilitering av eksisterande anlegg. Det kan gjevast støtte inntil 1/3 av godkjent anleggskostnad, avgrensa til 1 million. For kunstgrasbane kan det gjevast tilskot utover 1 million, grensa på 1/3 av godkjent anleggskost ligg fast.

For nærmiljøanlegg kan det søkjast om støtte på inntil ½ godkjent kostnad, avgrensa til 600 000.-.

Med nærmiljøanlegg meinast blant anna ballbinge og turstiar. Turstiar er ei prioritert oppgåve. For etablering av turstiar er det svært viktig med skriftlege avtalar med grunneigarane.

For å sette opp kostnadsoverslag må dugnadstimar reknast med. Verdien av dugnad må fastsettest av firma/fagmann.

Særskilt for Uskedal at Idrettslaget eig grunnen både på grusbana og Heio. I andre bygder eig kommunen grunnen.

Øen presenterte ulike anlegg som er bygd i andre bygder samt nokre planlagde større anlegg.

Viktige moment:

Planlegging og organisering. Viktig med heilskapleg plan og stegvis utbygging. Erfaringar har synt at eigen frittstående organisasjon fungerer best.

Oppsummering – Vegene vidare

Viktig at det også vert tilrettelagt for andre aktivitetar en fotball og ski. Det må utarbeidast ein aktivitetsplan for bygda, dette må sjåast i samanheng med stadanalysen.

Viktig å få engasjert ungdom, funksjonshemma og eldre, for å høyra kva interesser og ynskjer dei har.

Som grunneigar må Idrettslaget ha regien på kva grusbana og Heio skal nyttast til. Styret i Idrettslaget vurderer vegene vidare og førebur saka til Årsmøtet. I samråd med styret i Idrettslaget kan

Dialogforumet i UU kallar inn til "interesse møte".



Diverse saker:

Parkering ved hallen

Dersom grusbana vert omgjort til aktivitetspark, må det finnast ei anna løysing for parkering. Det er her viktig å tenkja langsiktig, slik at ein ikkje låser ei eventuell utviding av hallen.

Offentleg badestrand

Det er ikkje offentlig badestrand i Uskedalen. Stølavikjo er mykje nytta av bygdefolk og tilreisande båt turistar. Det føreligg ikkje avtalar med grunneigarane. Stølavikjo bør bli offentlig badestrand.

Vegetasjons bekjempelse:

Vegetasjonen i sentrum er fleire stadar vorte altfor stor. Det er ynskje om at grunneigarane vert kontakta for å få lov til å tynna i vegetasjonen i området.

Neste møte:

4. desember kl. 19.00 i Gamleskulen. Ope møte

Tema: Gruppene samlast, utarbeida handlingsplan for 2014.